




Hardangerrådet iks



Til

Helse- og omsorgsdepartementet
v/ Helseminister Jan Christian Vestre
mail: postmottak@hod.dep.no

Kopi:

Hardangerkommunane
Hardanger Siderprodusentlag
Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin

Uttale til helseministeren vedrørende landbruksproduktet sider og sal av det.

Vidareforedling av ei råvare produsert på garden er mange gonger nøkkelen til økonomisk berekraft. Siderproduksjon på norske gardar er det. Med utviklinga av dette historiske produktet sider, vert det no skapt nytt liv på mange gardar med stor framtidstru i Hardanger, men også i mange andre distrikt. Unge tek over og satsar.

For Hardanger er denne næringa særskilt viktig, og no ofte "reason to go" i reiselivsnæringa. Det veks fram mange nye aktivitetar. Dette er eit stort samspel som er i vekst.

Då er det viktig at også myndighetene lever i tida, og utviklar eit lovverk som tek vare produsentane og den krafta som er her no.

Hardangerrådet ber myndighetene å sjå på denne saka med fleire perspektiv.

Hardangerrådet har fått eit "Memo om Alkoholreklame" av Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin. Det er vedlegg til uttalen.

Me vil framheva kva Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin ynskjer.

Særutdrag frå memoet:

1. Kulinariske Noreg: Reiselivspakkar; Mat og drikke i kombinasjon

Me ynskjer:

- *at det blir gjeve unntak til å gi nøktern og faktabasert informasjon når alkohol inngår i mat- og drikkepakker ved ein skjenkestad eller når opplevingar knytt til alkohol inngår i reisearrangementer.*
- *ein kan nytte ikkje-produktspesifikke bilder og video.*
- *gardsnamn og produsentnamn må kunne vera del av produktkildringa.*

2. Formidling av kultur, historie og det heilsakaplege konseptet på gardane - fra jord til bord.

Me ynskjer:

- *at for produsentar som oppfyller krava til «heilsakapleg konsept» og har løyve til gardsutsal blir det tillatt å visa produksjon av alkoholhaldig drikke i tekst og biletet både på nettside og i sosiale medier. Bileta skal vera nøkterne og ha produksjonsprosessen og ikkje alkoholen i fokus. Spesifikke alkoholhaldig produkt (etikett) skal ikkje framgå av bileta.*

3. Konkurransevidande kommunikasjonsforbod.

Me ynskjer:

- *at lukka sosiale mediekontoar som inneheld informasjon om alkohol, kan få opp innhald frå produsenten. Ei forutsetning at følgjarane aktivt trykkjer "følg" og bekreftar at dei er over 18 år,*
- *at det er tillatt å oppretta eigne lukka sosiale mediekontoar retta mot utanlandsk marknad.*

Hardangerrådet ber helse- og omsorgsministeren å arbeida for godkjenning av endringane føreslått til alkohollova av Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin. Me meiner det er viktig og at det er fleire føremoner enn bakdeler.

Kinsarvik, 19.04.2024

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Eidfjord kommune

Timo Knoch

ordførar/rådsordførar Hardangerrådet

Kvam herad

Torgeir Næss

ordførar

Ullensvang kommune

Roald Aga Haug

ordførar

Ulvik herad

Jens Olav Holven

ordførar